

Ved til vinteren?

Prestemarka bu- og dagtilbod har ved til salgs.

60 liters sekker à kr 50,- inkl. mva

Opningstider på Prestemarka er 08.00 til 15.00.

For bestilling, ring 70 24 48 97

Gratis levering i Skodje sentrum.

Fargeskrinet

Prestemarka dagtilbod, avd. Fargeskrinet har flytta i «nye» lokaler på dagsenteret, med inngang på baksida.

Vi har vedde golvtepper, løparar og opptenningsrullar m.m.

Åpningstider mandag - fredag 08.30 - 15.00.

Du finn oss på SkodjeDagane, på standen til Skodje kommune.

Storslått gåve til Gomerhuset

Oscar Muldsvor, språklærer på gymnaset i Volda gjennom eit langt yrkesaktivt liv, har gitt kr 330.000,- til konsertflygel på Gomerhuset.

Muldsvor er oppvaksten på Fylling, men flytta tidleg grunna skulegong og yrkeskarriere.

Det er fantastisk at 92-åringen frå sitt sete i Volda har følgd med og blitt begeistra over realiseringa av Gomerhuset.

Gode prosessar er i gong for å kjøpe eit tenleg konsertflygel.

Vi har også planar om å arrangere konsert når flygelet er på plass.

Vi er Oscar Muldsvor djupt takksame for denne mektige gåva.

Eldsjelpris 2012

Skodje kommune ønsker forslag på kandidatar til eldsjelpris for 2012. Prisen skal gå til personar som har ytt stor friviljug innsats i kommunen.

Forslag på kandidatar skal sendast til Skodje kommune, Rådhuset, 6260 Skodje, med frist 15. sept. 2012.

Eldsjelprisen

Dette er ein årleg pris, som skal gå til eldsjeler i Skodje kommune. Dette kan vere enkeltpersonar eller grupper av personar som gjer eit verdifullt frivillig arbeid for andre. Det skulle vere nok av gode kandidatar å ta av. Prisen kom i stand i 2001 som var FN sitt år for frivillig arbeid. Tiltaket var eit initiativ frå verdirådet i Skodje kommune.

Statuttar for tildeling av eldsjelprisen

1. Formål

Eldsjelprisen skal delast ut kvart år til ein person som har ytt ein særleg stor friviljug innsats i Skodje kommune. Arbeidet skal vere knytt til humanitære eller kulturelle tilhøve i kommunen. Prisen kan delast på fleire.

2. Prisbeløp m.m.

Formannskapet vedtek 1. året i valperioden kor stor prisen skal vere for heile valperioden. I

tillegg til prisbeløpet skal prisvinnaren tildelast eit bilete av Skodjebruene. Vert prisen tildelt fleire personar skal prisbeløpet delast likt.

3. Annonsering og framlegg

Eldsjelprisen skal annonserast i lokalpressa, på kommunen si heimeside og i Kommunenytt. Enkeltpersonar og organisasjonar kan kome med framlegg til kandidatar. I tillegg kan formannskapet kome med framlegg til kandidatar. Alle framlegg skal vere skriftlege med grunngjeving.

Framlegga må vere kommunen i hende innan 15. september.

4. Vedtak om tildeling av prisen

Formannskapet gjer vedtak om tildeling av eldsjelprisen. Prisen skal delast ut under eit arrangement i kulturveka eller anna passende arrangement same året. Det er ordføraren som skal stå for overrekkinga.

Frisklivssentral på Skodje

Skodje kommune er i gang med å starte opp Frisklivssentral. Ein **frisklivssentral** (FLS) er eit kommunalt kompetansesenter for rettleiing og oppfølging primært innanfor helseatferdsområda fysisk aktivitet, kosthald og tobakk. Leiar Aase Kristine Bolstad er utdanna fysioterapeut og er i ferd med å ta ein mastergrad i «Fedme og helse».

Frisklivssentralen er eit lågterskeltilbod for personar som ynskjer eller har behov for å endre levevaner. Det kan t.d. vere:

- å forebygge ein livsstilssjukdom
- å få meir overskot
- å endre kosthaldet
- å bli meir fysisk aktiv
- å gå ned i vekt
- å slutte å røykje

Frisklivssentralen vil støtte deg!

Frisklivssentralen er for alle i Skodje kommune og vil vere eit knutepunkt i førebyggjande og helsefremmande arbeid.

Helsepersonell kan tilvise deg med ein enkel **frisklivsresept**, eller du kan sjølv ta kontakt med Frisklivssentralen. Ein «resept»periode vil vare i 16 veker med eigenandel på kr 300,- for heile perioden. Basetilbodet vert individuell oppfølging og ulike gruppeaktivitetar etter ein fast timeplan. Frisklivssentralen startar i første omgang eit tilbod for vaksne, men vil etterkvart også ha tilbod for born og ungdom.

Onsdag 19. september vil det vere «Open dag» på Frisklivssentralen frå kl 12.00 til 21.00. Det vil då vere mogleg å sjå lokala, ta ein prat og få meir informasjon om Frisklivssentralen. Kl. 14.00 og kl 19.00 vert det ei nærare orientering.

Telefonnummeret til Frisklivssentralen vert 70 24 40 39.

Litt av kvart

Hageavfall

Hageavfall og greiner kan framleis leverast på Prestemarka, syd for gartneriet.

Spesialavfall / farleg avfall skal leverast på Bingsa.

Kommunale avgifter

Forfall 2. termin vert utsett til 15. oktober. Endringa gjeld berre denne terminen. Årsaka er omlegging av system i samband med overgang til ÅRIM.

Sjekk at rekninga stemmer!

Nytt frå helsesenteret

Ny turnuslege kom 15.08.2012. Ho heiter Ellen Fladmark og er frå Ålesund.

Lars Lona skal ha permisjon frå jobben som fastlege og kommuneoverlege frå 01.10.2012 til 31.12.2012.

Dr. Line Robberstad vert vikar i denne perioden. Ho var turnuslege her hausten 2011, og vikar for ein av dei andre legane våren 2012, og er godt kjend med kommunen.

Brøyting

Kommunal brøyting av private vegar i 2012/2013.

Dei som ynskjer å få sin private veg brøyt av Skodje kommune, kan søkje kommunen om dette innan 30.09.2012.

Vegen skal vere over 50 m og ha snuplass i enden.

Søknadsskjema får ein på servicekontoret, eller på skodje.kommune.no.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ca. 7. desember. Frist for innlevering til dette nummeret er 30. november.



Dette skjer

Skodjedagane 2012

Skodjerittet 2012

Laurdag 15. sept. kl 14 går startskotet for sykkelløpet på ca. 2 mil rundt Engesetdalsvatnet. Start og mål er ved Gomerhuset. Kommunetilsette, politikarar, lag og organisasjonar kan stille med lag. Laga må vere på minimum 3 personar og heile laget skal starte og komme i mål samtidig. Det er fritt fram å sykle fort for å vinne på beste tid, eller nyte og le seg gjennom sykkelturen med gode venner for å kanskje vinne kreativtprisen. Tredje prisen går til eit sykkelag som viser MOT. Skodjerittet er eit lågterskel-opplegg der alle som deltar skal få ei god oppleving frå byrjing til slutt!

Påmelding innan torsdag 13. september til malin.piegga@skodje.kommune.no

Oppgi namn på deltakarane, og ein kontaktperson med e-post og telefonnummer.

Skodje kommune er eit lokalsamfunn med MOT og dette vil også i år gjennomføre årets sykkelritt. MOT til å seie nei, MOT til å bry seg, MOT til å leve!

Loppemarknad

Eit svært populært tilbod under SkodjeDagane er loppemarknaden. Loppemarknad er arenaen for gjenbruk - her kan du levere lopper eller finne nye skattar. Vi tek imot det meste av ting og tang, så sant det er brukande, og enkelt å handtere.

Lopper kan leverast på Gomerhuset fredag 14. september frå kl. 18.00.

Har du lopper, men treng hjelp til å frakte dei, kan du ringe vår kontaktperson Kjell Arne Moe på mobiltelefon 97 70 93 53.

«Noko soge - mykje løge»

Ønskereprise frå i fjor:

SkodjeDagane 2012 har vore så heldige å få med seg Skøye Teaterlag og dei har gleda av å få presentere fleip og fakta om Skøyehistoria basert på materiale frå Sogelaget. Dei har lese, skrive, tenkt, grubla og undra på kva som har skjedd i Skøyebygda i «hine hårde dage»... Noko har oss funne på, noko har oss høyrte, og noko stemmer så godt som det vert sagt!

Kom og få med deg denne forestillinga! Bli med på ei historisk reise frå opprinning til notid på Skøye!

Tidspunkt: 15. september kl. 19:00
Stad: Gomerhuset
Bill.: Kr 160,- (barn under 16 år: kr 80,-)

Kulturveke

I slutten på oktober skal vi ha Kulturveka 2012 på Gomerhuset.

Førebels program:

Torsdag 25.10: Skodje Pensjonistlag arrangerer DaCapo med Vidar Lønn Arnesen.

Fredag 26.10: Marius Solevågseide med band held konsert.

Elles blir det aktivitetar for ungdom.

Laurdag 27.10: Ope bibliotek, stands, skyting med luftgevær, handballkampar, diverse aktivitetar ute, m.a. trialklubben.

Så blir det humorkveld i regi av teaterlaget

Søndag 28.10: Masse handballkampar, jenter 10, med lag frå heile nordre Sunnmøre.

"Kommunenytt" vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor.
Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørndal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no